



Kvinnherad kulturskule
Læreplan for

Messing

Messinginstrumenter (Kornett, trompet, flügelhorn, valthorn, althorn, baryton, euphonium, trombone og tuba) er brukt i veldig mange sjangre og sammenhenger, som klassisk, jazz, pop / rock, orkestra, janitsjarkorps, brass band og storband.

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigmeldt og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek

utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetanse målene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Desse timane er tilgjengelege for elevar i alderen 8-19 år. Det er inga øvre grense for når ein elev kan starte. Fysiske faktorar kan spele inn når det gjeld når elever kan begynner (om eleven har mistet melketenner) og kva som er mest passande val av instrument.

4. Instrument/utstyr

Instruksjon er tilgjengeleg for: Kornett (Bb, Eb), trompet, flügelhorn, valthorn, althorn, baryton, euphonium, trombone og tuba. Instrumenta blir vanlegvis lånte frå locale skulekorps eller skaffa av elevane. Stell og vedlikehald av instrumenta er tema I timane.

5. Organisering av undervisninga

Elevane vert vanlegvis undervist individuelt (30 minuttar) eller i små grupper (45 minuttar) ein gong i veka. Messingtimane kan bli lagt til **Ølve, Hatlestrand, Rosendal, Husnes, Uskedalen og Halsnøy**.

6. Konsertar og samspel

Det vert oppmuntra til offentlege framföringar. Kulturskulen organiserer offentlege konsertar der ein forventar at elevane deltar. Nokre gonger kan eleven spele solo, kanskje akkompagnert av piano, andre gonger speler ein i gruppe med fleire andre instrument. Interne huskonsertar der elevar speler til kvarandre vert og arrangert i blant.

7. Egenøving

For å oppnå framsteg og å halde interessa oppe må elevane lage seg gode øverutiner heime. Vanlegvis krev dette oppmuntring og oppfølging av foreldre / føresette. Øving bør gå føre seg dagleg og med ei klar forståing av kva som er målet. Det fyrste året (aspirant) er det anbefalt at eleven spelar minst ein time per veke (delt over 7 dager) i tillegg til undervisningstimen. Etterpå er det anbefalt minst 2 timer per uke (delt) i tillegg til undervisningstimen.

Målet vårt er at elevane skal nå sitt eige potensiale, kva enn det måtte vere, at dei vert motiverte av realistiske utfordringar og har glede av timane og dei andre aktivitetane knytt til faget. For å oppnå dette vert det forventa at tida mellom timane vert organisert slik at dei har tid til meiningsfull øving.

8. Evaluering/Utviklingssamtaler

Evaluering er ein konstant del av undervisningsprosessen der eleven blir gjort merksam på kva han / ho har oppnådd. Foreldre / føresette er velkomne til å vere til stades i timane regelmessig eller ved einskilde høve. Årleg får eleven ein skriftleg rapport etterfølgd av ein konferansetime. Nokre situasjonar krev ytterlegare samtalar mellom lærar, elev og føresette.

9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering

1. Begynnernivå (Aspirant)
2. Mellomnivå
3. Viderekomment nivå

Begynnernivå:

Foreldrene er ein viktig ressurs på nybegynnernivået. Det er fint om ein forelder alltid kan være med på timane. Hovudoppgåva for foreldra er å observere, slik at dei kan hjelpe til med øvinga heime. Det kan vera å huske melodiane eller tekniske ting som skal øvast på

Læringsmål

I løpet av ett til to år skal elevane gå gjennom følgjande:

Instrumentet

- summa på leppene
- summa på munnstykket, spela melodi på munnstykket
- pusta inn med ”magen” og blåsa
- fleksibilitet – det vil seja spela ulike tonar med same grep

Teorikunnskap

- kunna alle notenamn og grep i C og kunna spela desse. I tillegg skal dei kunna dei vanlegaste kryss og b som dei kan møta på i skulekorpset.
- kunna noteverdiar og pausane

- Vita om ulike taktartar, og kunna rekna med desse i enkle oppgåver (utfyllingsoppgåver)
- kunna spela sterkt og svakt, kjenna til dei ulike teikna for styrkegrader.
- Skjøna ulike former for repetisjon

Samspel

- elevane skal spela unisont i byrjinga
- etterkvart, og i takt med utviklinga til den enkelte, kan elevane få ulike spelelekser
- når elevane er klare for det, skal dei spela fleirstemt

Mellomnivå:

- Opplæringa skal alltid ta utgangspunkt i og leggjast tilrette etter elevens evner og nivå.
Undervisninga skal innehalda:
 - pusteteknikk og medvit omkring pustemekanismar
 - tungepassering, embouchure - opning og instrumentet sin vinkel mot munnen i høve til tonehøgde
 - dynamikk-kontroll og mekanikken ved denne
 - å halde instrumentet effektivt og hand/finger-posisjonering for lett utøving
 - repertoar frå ulike stilartar og epokar
 - vidareutvikling av teknikk/ haldning
 - instrumentkunnskap
 - notelesing og enkel musikkteori
 - oppvarmingsrutinar og øveteknikkar
 - frasering og dynamikk
 - improvisasjon
 - utanåtspel
 - lytting og gehørspel
 - musikalsk uttrykk
 - samspel også med andre instrument
 - framføringar

Viderekommert nivå

Undervisninga skal leggjast til rette etter eleven sine evner og nivå. Undervisninga skal innehalda:

- repertoar frå ulike stilartar og epokar
- vidareutvikling av teknikk

- notelære og musikkteori
- lytting og musikalsk uttrykk
- innleving og kunstnarisk utfolding musikalsk forståing
- musikkorientering/ musikkhistorie
- komposisjon/ improvisasjon
- oppvarmingsrutinar og øveteknikkar
- improvisasjon
- utanåtspel
- instrumentkunnskap
- samspel også med andre instrument
- framføringer/konsertar

10. Fordumpingstilbudet

Kvinnherad kulturskule samarbeidet regionalt om fordjupningstilbod med Stord kulturskule som avgjør fagtilbudet, dets organisering og utforminga på grunnlag av Nasjonal rammeplan for kulturskulen.

11. Forventningar / krav til elevar

Det er forventa at elevane øver jamnleg og grundig mellom undervisningstimane for å kunne utvikle seg som musikarar. Foreldres oppmuntring og støtting av innsats tyder mykje for at elevane skal kunne oppretthalde øving og utvikle seg over tid. Ved å øve og stille godt førebudd til timane, kan elevane få mest mogeleg ut av undervisningstida i kulturskulen og forhåpentleg utvikle spilleglede og musikalsk motivasjon som dei kan ha med seg heile livet.